



Anne Margrethe Wergeland  
V Marianne SteganeEikevollen 1  
6940 EIKEFJORD

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/796 - 23/1545

Sakshandsamar:

Sveinung Toft

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:

13.02.2023

## Kunngjering av offentlig ettersyn av reguleringsplan for Hosteland Vest i Masfjorden kommune

Formannskapet i Masfjorden kommune har i møte den 02.02.2023, sak 007/2023, gjort vedtak om å leggje 1. gangs framlegg til reguleringsplan for Hosteland Vest ut til offentlig ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10. Reguleringsplanen har fått plan ID – 4634 20210003.

Føremålet med planarbeidet er å leggja til rette for om lag 50 bustader i form av einebustader og fleirmannsbustader, samt friluftsområde mot sjø og bryggjer. Planområdet består i dag av skogsområde og bart fjell. Planområdet er på ca. 212 dekar, og inkluderer deler av riksvegen i nord.

Frå bustadområdet er det planlagd snarveg for mjuke trafikantar i retning sentrumsområdet på Hosteland via kommunal veg til Træet. Planforslaget opnar kort oppsummert for følgjande tiltak:

- Bustader, ca. 50 nye
- Småbåtanlegg, 2 nye med til saman ca. 50 plassar.
- Tursti/-veg mot kommunal veg Træet
- Tilførselsvegar med og utan fortau
- Busslommer langs Fv570
- Friområde/uteopphaldsareal ved sjø
- Leike- og uteopphaldsareal
- Kommunalteknisk infrastruktur

Framlegg til reguleringsplan inneheldt i tillegg til planskildring, plankart og føresegner, også illustrasjonsplan, konsekvensutgreiing, ROS-analyse, skredfarekartlegging og oppsummering av merknader. I tillegg er det utarbeidd ein VA rammeplan, samt eige teikningshefte for vegar, som og inkluderer teikning av gangsti til Treet og ned til sjøen. Tomteutnyttinga er sett til 35 % BYA for frittliggjande småhus, og 45 % for konsentrerte småhus, og byggjehøgda er sett til maksimum 7,5

meter over planert areal. Til planområdet er det definert mange rekkjefølgjekrav i § 5 i føresegnene, som skal ivareta viktige kvalitetar og tryggleik m.v. Konsekvensutgreiinga drøftar utbygginga på areal som ikkje er avklart eller er i samsvar med kommuneplanen sin arealdel eller som ikkje er konsekvensutgreia i anna overordna plan. Tema knytt til landskapsbilete, friluftsliv, naturmangfald og kulturverdiar vert utgreidd. Konklusjonen i KU dokumentet er at konsekvensane for friluftsliv og miljø/naturressursar er avgrensa, og at landskapsbiletet berre vil bli noko påverka i negativ retning

Det vert vist til planskildring, føresegner og plankart dagsett 01.03.2023 , samt tilhøyrande utgreingar og ROS-analyse for fleire detaljar, som saman med saksframlegget med vedtaket i formannskapsmøtet den 02.02.2023 hermed vert sendt ut.

Reguleringsplanen ligg ute til offentlig ettersyn frå **15. februar 2021 til 31 .mars 2023 på kommunehuset**. Planomtale/ planskildring og andre sentrale plandokumenta inkludert illustrasjonsplan m.v. ligg i høyringsperioden ute på Masfjorden kommune si heimeside, [www.masfjorden.kommune.no](http://www.masfjorden.kommune.no), under høyringar.

Andre plandokument kan ein finna ved å gå inn på **sak 21/796** på post innsyn på heimesida til Masfjorden kommune.

Kommunen ber om at eventuelle merknader til planframlegget vert sendt innan høyringsfristen **den 31. mars 2023 til: Masfjorden kommune, Austfjordvegen 2724, 5981 Masfjordnes** eller til [post@masfjorden.kommune.no](mailto:post@masfjorden.kommune.no). Elektronisk merknadsskjema er og å finna på Masfjorden kommune sine heimesider om ein ønskjer å nytta det.

Med helsing

Sveinung Toft  
assisterande rådmann

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Vedlegg:**

Hosteland vest - Plankart

Føresegner 03.01.2023

Planomtale Hosteland vest 03.01.2023

Framlegg til reguleringsplan for Hosteland Vest - offentlig ettersyn

Oppsummering merknader-oppstart

Hosteland vest-konsekvensutgreiing

Oppsummering merknader-oppstart

ROS analyse 03.01.2023

10248285-RIGberg-NOT-001



**Mottakarakar:**

Anne Margrethe Wergeland	V Marianne SteganeEikevollen 1	6940	EIKEFJORD
Arne Andreas Riisnes	Fensfjordvegen 963	5986	HOSTELAND
Arne Johannes Riisnes	Fensfjordvegen 618	5986	HOSTELAND
Arne Riisnes			
Arvid Langøy	Træet 26	5986	HOSTELAND
Bkk Nett AS	Postboks 7050	5020	BERGEN
Eldrerådet i Masfjorden	v/ Ivar Haukeland		
Erlend Kvamsdal		5986	HOSTELAND
Fiskeridirektoratet Bergen	Postboks 185 Sentrum	5804	Bergen
Gunn Tove Skår	Træet 15	5986	HOSTELAND
Hans Gunnar Matre	Yndesdalsvegen 36	5986	HOSTELAND
Harald Midtbø	Yndesdalsvegen 1545	5961	BREKKE
Hildegunn Ulvatn	Træet 18	5986	HOSTELAND
Hosteland Grunneigarlag v/ Arne J. Riisnes			
Hroar Matre	Yndesdalsvegen 20	5986	HOSTELAND
Ivar Duesund	Kjelånæ 85	5264	GARNES
Karny Palma Borge	TRÆET 19	5986	Hosteland
Kjellaug Margrete Matre	Yndesdalsvegen 36	5986	HOSTELAND
Kystverket	Postboks 1502	6025	Ålesund
Laila Langøen Bråtveit	Osbakkjen 4	4230	SAND
Magnar Ulvatn	Postboks 36	5987	HOSTELAND
Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (nve)	Postboks 5091	0301	Oslo
Odd Henning Midtbø	Majorstua Yndesdalsvegen 51	5986	HOSTELAND
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	v/ Hildegunn bjånes		
Skjelsundet Utvikling AS	Areklettvegen 96	5986	HOSTELAND
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	Lillehammer
Statens vegvesen region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Torleif Matre	Træet 16	5986	HOSTELAND
Turid Rekve	Yndesdalsvegen 40	5986	HOSTELAND

**Mottakrar:**

Ungdomsrådet i Masfjorden v/ Rita

Ludvigsen

Vestland Fylkeskommune

Wibeke Matre

Postboks 7900

5020

Træet 16

5986

Bergen

HOSTELAND